

Orkdal MENIGHETSBLAD

Nr 3 - 2014 - 64. årgang

*Titran på Frøya. Målet for menighetstur for
Orkanger og Orkdal mandag 23. juni.
Sted med sterk historie.
Her ser vi fiskarheimen og Titran kapell.*



VI GÅR I KIRKA

15. juni – Treenighetssøndag

Oppstuggu Berbu kl 11

Gudstjeneste. Skaperverkets dag.
Rugland. Wrobel

Geitaneset kl 11

Friluftsgudstjeneste. Skaperverkets
dag. Lilleberg. Wrobel

22. juni – 2. søn i treenighetstiden

Sognlia kl 11

Gudstjeneste. Skaperverkets dag.
Bakken. Wrobel

Orkanger kirke kl 11

Gudstjeneste. Orkanger 2014.
Konfirmantjubilanter. Lilleberg. Wrobel

Søvasskjølen fjellkyrkje. Gudstjeneste
v/ prost Bertel Aasen

29. juni – 3. søn i treenighetstiden

Hermetikken kl 11

Gudstjeneste. Skaperverkets dag.
Lilleberg. Wrobel

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste. Rugland. Wrobel

6. juli – 4. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Rugland.

13. juli – 5. søn i treenighetstiden

Orkanger kirke kl 11

Gudstjeneste. Rugland.

20. juli – 6. søn i treenighetstiden

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste. Bakken.

27. juli – 7. søn i treenighetstiden

Søvasskjølen fjellkirke kl 11

Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel

Geitastrand kirke kl 19

Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel

Tirsdag 29. juli – Olsok

Solsjøbygda kl 20

Pilegrimsgudstjeneste. Bakken.
Wrobel. Pilegrimsvandring fra
Honglo kl 17.30.

3. august – 8. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Bakken. Wrobel

Orkanger kirke kl 11

Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel

17. aug. – 10. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Skolestarter. Bakken.
Wrobel

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste. Skolestarter. Rugland.
Wrobel

24. aug. – 11. søn i treenighetstiden

Orkdal Menighetshus kl 17

Gudstjeneste. Bakken. Wrobel

Orkanger kirke kl 11

Gudstjeneste. Rugland. Wrobel

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste. Lilleberg. Wrobel

31. aug. – 12. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Foseide. Wrobel

Geitastrand kirke kl 11

Gudstjeneste. Konfirmanttreff.
Konfirmantpresentasjon. Lilleberg.
Wrobel

Søvasskjølen fjellkirke kl 17

Gudstjeneste. Foseide. Wrobel

7. sept. – 13. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste.

Konfirmantpresentasjon. Bakken.
Pederstad. Wrobel

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste.

Konfirmantpresentasjon. Rugland.
Wrobel

Orkanger kirke kl 19

Gudstjeneste.

Konfirmantpresentasjon. Lilleberg.
Wrobel

Torsdag 11. september

Elvepromenaden kl 10

Gudstjeneste. Natverd. Wrobel

Torsdag 18. september

Helsetunet kl 11

Gudstjeneste. Natverd. Wrobel.

21. sept. – 15. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Konfirmantjubiläum.
Foseide. Wrobel

Moe kirke kl 11

Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene.
Rugland. Wrobel

Geitastrand kirke kl 17

Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene.
Skolestarter. Lilleberg. Wrobel

28. sept. – 16. søn i treenighetstiden

Orkdal kirke kl 11

Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene.
Bakken. Wrobel

Orkanger kirke kl 11

Gudstjeneste. Kirkebok 4-åringene.
Skolestarter. Lilleberg. Wrobel

Søvasskjølen fjellkirke kl 17

Gudstjeneste. Alle menighetene i
Orkdal prosti er inviterte.

**Ang. offerformål,
se gudstjenestelista i
avisa Sør-Trøndelag.**

Velkommen!



“God pinse til deg som har noko med det!”

Eg glømmar aldri løytnanten som kom innom stasjonsprestens kontor på Gardermoen og ønska meg: God pinse! på denne måten. “Spesielt til deg som har noko med det å gjere”. Er pinsa berre for dei spesielt interesserte?

På den første pinsedagen i Jerusalem formidla apostelen Peter eit kall frå Gud til å tru på Jesus som vart nær-gåande og aktuelt for 3000 tilhørarar som let seg døype denne dagen. Guds kall til tru gjeld alle menneske også i dag. Gud vil at alle menneske skal bli Guds barn og leve i lag med Gud. Det som er spennande ved dette kallet er at når du svarar ja på kallet til å bli Guds barn, så forandrar det retninga på heile livet ditt. Det er ikkje sikkert du har rett når du trur at Gud vil kalle deg til å gjere alt du mislikar mest her i livet. Gud er ikkje slik. Han har jo skapt deg og vil at du skal halde på med det som akkurat du er flink til, og som du likar å gjere. Han kan føre deg inn i oppgåver som du ikkje trur du kan klare å

utføre, men som det faktisk viser seg at du både likar å gjere og er god til! Og han vil vere med deg uansett kva han kallar deg til.

Er pinsa berre for prestar og misjonærar, som denne løytnanten såg ut til å meine? Av og til kan det verke som om det er berre prestar og misjonærar som får eit skikkeleg kall frå Gud. Men det er ikkje sant. Gud kallar også folk til å bli sjukepleiarar, sveisarar, politikarar, drosjesjåførar, lærarar og journalistar. Det finst ikkje fine eller mindre fine kall. Det er bruk for alle i Guds rike.

Pinsa er for alle. Pinsa er for alle som vil høre Guds kall. Gud har ei plan for alle menneskes liv. Da gjeld det berre at vi finn ut kva som er mitt kall. Da finn vi meininga med livet vårt. Det er ei spennande utfordring til oss alle å leite etter kva Gud vil med at eg skal få leve.

Birger Foseide

Pilegrimsleia er klar for vandring



PILEGRIMSLEDEN

Pilegrimsleia går gjennom Orkland sokn. På grunn av skogsarbeid og storm i vinter er det på ført en del skade. Orkdal kommune har organisert opprydding og ny merking av leia.

Dette melder Kai Roger Magnetun, kultursjefen i Orkdal:

- Hele leia gjennom Orkdal er remerket
- Det er gjennomført mye rydding med motorsag i hele traseen pga store mengder stormfelling
- Leia er lagt om to steder. Det ene stedet er leia lagt om pga hogst i terrenget. Hogsten har vært utført med maskiner, noe som har medført store maskinelle skader på leden pga bruk av lassbærer

ol. Allskog arbeider nå med å til bakeføre denne veien, og de blir ferdig til starten på juni. Vi har valgt å merke om leia på dette strekket for en periode, slik at grunnen får satt seg igjen.

Det andre stedet er der leia går inn i Skaun kommune. Her er det enorme mengder stormfelling. Disse stormfellingene ligger i et område der skogen er registrert som verneverdig. Derfor kan ikke nedfallet røres (det må brukes grovt maskineri for å kunne gjøre noe med dette, da skogen er gammelskog som er over 100 år). Allskog undersøker om det er muligheter til å søke om å få gjennomført en rydding også her,

men inntil videre er leia lagt om. Omleggingen her medfører et at leia blir mer kupert enn tidligere i en strekning på ca 200 m.

- Det er lagt ca 100 meter med ny klossing på to myrer
- Den store hogsten som har blitt gjennomført i terrenget medfører at store områder er blitt helt åpne.

Så langt kultursjefen.

1. juni skal pilegrimsleia være klar til å ta imot årets pilegrimer. Vi ønsker dem velkommen til å gå gjennom Orkdal. **Orkdalsmenighetene har pilegrimsvandring fra Hongslo til Snøton Olsok-kvelden 29. juli.** Den er leda av sokneprest Eldfrid Marie Hollevik Bakken og blir avslutta med Olsokgudstjeneste på Snøton kl.

Søvasskjølen fjellkyrkje – eit fjellparadis

Det er mange av lesarane av menighetsbladet som ikkje har vore på Fjellkyrkja. Mange som kjem dit for første gong blir imponert over den fine plassen og det fine huset.

Det er utført mykje dugnadsarbeid kvart år. Anlegget er i god stand. Det blir utleigd til kurs, weekends og kveldsmøte – men anlegget kan også leigast ut til private familiar som vil leige ei hytte på fjellet. I 2013 var det 8 gudstjenester på Fjellkyrkja med 295 deltakarar. Det er kyrkjekaffe med nysteikte vaflar med syltetøy eller ost etter kvar gudsteneste. Det var 2 barn som vart døypte der, og 67 deltok i nattverd.

Ca 13 000 kr vart gitt i takkoffer.

I sommer er det gudstjenester i Fjellkirka 22. juni, 27.juli, 31.aug og 28. sept.



Ny diakon i Orkdal



Ingrid Holte Karlsen frå Orkanger er no tilsett av Orkdal kirkelige fellestråd som ny diakon i orkdalsmenighetene. Ho er den tredje diakonen vår i rekka etter Sverre Solberg og Guri Ree Bjørkås. Ingrid begynner i stillinga i august. Vi har snakka litt med ho om kva ho tenker om å bli diakon i Orkdal.

Korfor vart du interessert i å søke stillinga som diakon?

Arbeidsområdet var interessant. Omsorgsarbeid i ein kyrkjeleg samanheng er viktig. Eg har trivest så godt med å jobbe med menneske i skulen, og vil gjerne halde fram med det.

Du ser altså ein samanheng mellom skulearbeidet og diakonien?

Ja, i begge arbeidsområda er det å jobbe med menneske det viktigaste. Det er så viktig at folk blir sett.

Kor lenge har du vore lærar?

Eg er 53 år gammal og har vore lærar så lenge at viss eg skulle prøve noko anna, så var tida kommen. Eg begynte som lærar på Sula barne- og ungdoms-skule på Frøya i 1984, ein skule med 48 elevar. Da var eg uteksaminert frå Levanger lærarhøgskole etter 4 år der. Til Orkanger kom eg i 1993 og begynte på Orkanger barneskole i 1995. Eg har vokse opp på Lækken og gått på Orkdal vidaregåande skole og var fast bestemt på å slå meg ned på ein plass med stabilt skiføre! Derfor skulle eg berre bli eitt år på Sula. Men eg møtte Karl Olav Karlsen og vart gift med han og vi fekk tre barn på Sula. Derfor vart eg verande der i 9 år.

Kjenner du menighetsarbeid frå før?

Ja, frå frivilligsida. Korvettarbeid på Orkanger menighetshus har eg drive i 16 år. Eg er medlem i menighetsråd, misjonsforening og husfelleskap. Som frivillig hadde eg ei veldig fin oppleving da eg var med første gongen det var arrangert Lys Våken på Orkanger. Så har eg vikariert som klokkar og vore engelen Gabriel på julevandringar!

Kva tankar og minne sit du igjen med?

Frå korvettarbeidet minnest eg gode møte med ungane som kom, og gleda dei viste. Ettermiddagskaffe med foreldra er også gode minne. Eg er glad for å ha fått vore med på å formidle det glade kristne budskapet til ungane på ein måte som gjer at eg håpar dei fekk med seg noko vidare i livet.

Er det erfaringar frå ditt eige liv som vil bety noko for deg som diakon?

Da mannen min, Karl Olav, døydd i februar i år etter å ha vore alvorleg sjuk eit års tid, så opplevde eg kor viktig det er at nokon ser deg og ser om deg. Det er viktig med frivillige som viser omsorg. Etter å ha gått gjennom sjukdom og død i familien har det gjort meg mindre redd for å ta kontakt med folk i ein vanskeleg situasjon. Etter å ha gjennomlevd ein slik krevande fase i livet kjente eg meg også klar for å prøve noko nytt, som for eksempel å gå over i ny jobb.

Kva ser du på som viktig som diakon?

Å ha eit godt samarbeid med frivillige. Sorgarbeid er viktig, det har eg kjent på kroppen sjølv, og eg håpar eg kan bli brukt der. Dessutan meiner eg det er viktig å få til gode treffpunkt for eldre.

Kva trur du du kjem til å sakne?

Eg kjem til å sakne ungane og det gode kollegafelleskapet i skulen. Eg trur det blir meir einsamt å vere diakon samanlikna med alle menneska eg har hatt omkring meg i skulekvardagen.

Du har vore ein trufast kyrkjegjengar. Kva betyr gudstenesta for deg?

Kristent fellesskap. Gudstenesta gir påfyll i kristenlivet. Det er godt å kjenne fellesskap med dei som deltar. Så er det flott å sjå at foreldra har vald kristen dåp for ungane sine. Og nattverden gir styrke i livet mitt.

Vi ønsker Ingrid Holte Karlsen velkommen som diakon i orkdalsmenighetene, og vi bed om Guds velsigning over liv og teneste vidare!

Birger Foseide



Kirkevergens spalte:

Søppel

Kjære dere som er på kirkegårdene i Orkdal. Kast søppelet fra kirkegårdene inni søppel-containerne eller søppelstampene. Det er satt ut søppelkasser og containere med god plass til søppelet. Likevel er det alt for mange som putter søppelet ved siden av – eller oppå containerne, sjøl om det er god plass inni dem. Da blir det ikke vakkert på kirkegårdene! Det blir så mye penere dersom dere tar de få sekundene ekstra for å sjekke om det er ledig plass noe sted, - for å åpne luka i containeren så søppelet kommer på rett plass.

Takk til dere som kaster søppelet på rett plass!



Tusen takk!

Minner også om at det finns minnefond på alle kirkegårdene. Det går an å gi penger til forskjønnning av kirkegårdene og kirkene når som helst, og til minnegaver ved dødsfall. Ta kontakt med kirkekontoret for nærmere opplysninger.

Takk til Guri og Line!

Guri Ree Bjørkås slutter etter 8 år som diakon i orkdalsmenighetene. Ho kom fra 4 års tjeneste som misjonær på Madagaskar for Det norske misjonsselskap. Ho flytter til Eik



ved Tønsberg og skal arbeide som diakon i Sandefjord menighet. Guri diakon har administrert det diakonale arbeidet i orkdalsmenighetene og sjøl deltatt aktivt i eldretreff, sangstunder på Helsetunet, andakter på institusjonene, klokkertjeneste i Orkdal kirke og i så mange andre sammenhenger. Ikke minst er mange takknemlige for alle besøk og samtaler som Guri diakon har hatt i menighetene. Som førskolelærer av

fagbakgrunn var det også naturlig å be Guri om å administrere opplegget for de ca 25 gruppene fra barnehager og småskole som deltar på julevandring hver adventstid i kirkene i Orkdal. Takk til Guri for vel utført tjeneste, og Guds velsignelse over livet og tjenesta videre!

Line Krutvik Saltbones

slutter også til sommeren, etter å ha vært menighetspedagog i orkdalsmenighetene i 6 år.

I denne tida har det kommet på plass ei trusopplæringsplan for heile Orkdal prestegjeld. Det har vært mye omstilling og mye arbeid for å få nye tiltak til å fungere, og det har vært krevende å organisere og skaffe frivillige til ulike tiltak. Babymassasje, barnesang, barnegospel og seinere Soul Children, dåpssamlinger, 4-årsbok, bibel-utdelinger med mye mer har vært Lines virkeområde. Ho har fått gleden av å være med på å innføre Tårnagentene og LysVåken i orkdalsmenighetene. No går ho tilbake til skolen, der ho kom fra. Ho blir lærer ved Viggja skole til høsten. Takk til Line for godt utført tjeneste og vi ønsker Guds velsignelse over livet og tjenesta vidare!



Jeg vil leve



Marte Wexelsen Goksøyr, født 1982, er samfunnsdebattant, skuespiller og foredragsholder. 16. februar 2014 holdt ho tale ved den offisielle åpningen av grunnlovsjubileet på Eidsvoll:

Kjære Kong Harald og resten av kongefamilien, kjære Norge.



Norge har tatt mål av seg til å bli verdens mest inkluderende samfunn. Slik jeg ser det, lever vi i et ekskluderende samfunn. Det er oss -- og de som er annerledes. Er ikke alle annerledes?

Da jeg begynte i barnehagen ble jeg integrert -- de andre bare begynte. Integrert, betyr det at jeg egentlig ikke hørte til?

I vårt samfunn prøver vi å utrydde mennesker med Downs syndrom. Vi har teknologi til å oppdage at barnet har Downs før det blir født. Det resulterer i at nærmere 90% av norske kvinner som får påvist Downs syndrom hos fosteret, tar abort. Igjen må jeg spørre: Hører vi ikke til?

Mennesker med det man kaller utviklingshemning, har ikke rett til utdanning ut over videregående skole. Tror noen at jeg slutter å lære etter at jeg har fylt 19 år?

Er det noen mennesker som er mer ønsket og verdifulle enn andre? Vil vi ha et sorteringssamfunn hvor vi dyrker det perfekte, hva nå det er, og fjerner de vi mener er uønskede? Et slikt samfunn ønsker ikke jeg!

For at Norge skal bli et inkluderende samfunn, må vi tørre å se våre egne fordommer og holdninger.

Marte Wexelsen Goksøyr

Sammen i menigheten: SIMEN 10

SIMEN starta med en mann som heter Einar Sand (1952). Han bor i Skien. Einar sitt eldste barn er døv og er autist. Einar var kateket, og det var viktig for han at gutten hans også fikk være med i menigheten. Da ble det første SIMEN født.

Han skriver at alle døpte medlemmer har en rett til å få delta i sin kirke og menighet uavhengig av funksjonsnivå.

Paulus skriver om dette i 1. Kor 12. Mennesker med utviklingshemning er våre læremestre som lærer oss at det er i sårbarheten, ikke stoltheten, vi finner Gud, slik Han gjorde seg sårbar for oss.



Noen luringer inviterte Einar til Trøndelag, til Meldal. Han underviste om sorgarbeid. Samtidig fortalte han om SIMEN som de hadde i Skien. Jeg ble nysgjerrig, spurte og fikk høre mer.

Våren 2004 reiste Oddbjørg Holm og jeg til Skien. Hjemme i Orkdal formidla vi inntrykkene til Solveig Langtind som var den tredje i trekløveret som planla SIMEN.

Hvorfor SIMEN?

SIMEN betyr «Sammen I MENigheten». Navnet sier at det å være sammen er viktig. Noen har et ansvar for å lede, men alle deltar når vi sitter i ringen og forteller om gleder og sorger. Dødsfall og sorg, fødsel og glede, sykdom og bekymring, ferier med opplevelser, feiringer, middagsmeny – alt kan deles. Dette tydeliggjøres når vi setter oss i ringen etter velkomstkaffen. Da synger vi: «Hva var vel livet uten Sverre?», «Hva var vel livet uten Siri?» og så videre. Fire navn mellom hvert refreng der spørsmålet blir svart med: «Ingen ting». Alle til stede får høre sitt navn. Også de som er innom bare en gang. Sang og lek hører også med. Latteren er ikke langt borte. Kvelden avsluttes med at alterbordet får duk og lyset blir tent. Sang, andakt, Fadervår og Velsignelsen. Simen har hatt samme plan i 10 år. Å være sammen i menigheten er alt dette. Og mer til. For det kan sannelig vanke en velkomstklem også, er du heldig!



Humor

I løpet av en kveld på SIMEN er det gjerne flere latterkuler. For flere år siden skulle en fra SIMEN lese en tekst under ei vanlig gudstjeneste der SIMEN skulle delta. Som trening leste han teksten for oss på SIMEN. Like etterpå var det kaffe og saft. En av de andre i SIMEN ga han skryt og sa: «Du leser som en prest!» Etter to sekunds stillhet tok leseren saftglasset og sa: «Skal jeg døpe deg kanskje?»



Støttepersoner

«Det er itjå som kjem tå sæ sjøl», synger rebelske Rotmo. Og jeg gir han rett. Noen har trufast hørt til i SIMEN sin stab i 10 år. Oddbjørg Holm, Unni Berge, Trygve Eliassen og Terje Jonassen har vært med hele veien. En ekstra honnør og takk til disse! Takk for at Elin Skauge nå også har begynt.



Høydepunkter

En vanlig SIMEN-dag kan være et høydepunkt. En hjertelig latter eller at andaktsstunda ble nær og sterk. Men i løpet av året skjer det også noe ekstra. I september er SIMEN med på gudstjeneste og kirkekafe i Domkirka. Vi møter biskopen og andre grupper lik SIMEN fra Trondheim og andre steder. Det hender vi deltar med tekstlesing der. Siste gang før jul har vi ekstra god mat. Utpå våren deltar SIMEN på ei vanlig gudstjeneste i Orkdal. Slektninger blir invitert til en SIMEN-kveld i løpet av året. Hvert år i juni er det utflykt med grilling. Oftest til Fjellkirka på Søvasskjølen. Da er det sjelden vi orker å vente til pølsa blir varm.

Sverre Solberg



NOE FOR MEG SELV

*Jeg er noe for meg selv,
jeg kan synge og danse,
og leke dagen lang.
Noen ganger ser jeg på på TV
og hører radio.
Jeg er noe for meg selv.
Jeg tenker på deg,
og verden utenfor meg selv.
Jeg er noe for meg selv.
Tenk om drømmer er sanne.
Jeg er noe for meg selv i verden.
Jeg tenker på deg nå,
jeg er noe for meg selv nå.*

Hanne Mathiasessen

Kyrkjegardsvandring

At ein kyrkjegard gjømmar på mykje historie er ikkje vanskeleg å tenke seg. Går du på framande kyrkjegardar kan du finne ut mykje interessant om bygda og folket. Etter gudstesta 18. mai hadde Olav Sjømæling ei vandring for interesserte på kyrkjegarden ved Orkdalskjerka.

Han starta med ein husmann som opplevde tre hundreår: Samuel Samuel Gisvoldløyken som levde frå 1799-1901. Han heldt fram med Lars Garberg som var ordførar i Orkdal da kyrkja på Grøtte vart bygd. Han var også stortingsmann. Det vart også John I. Wolden frå 1904- 1909 og 1913-1930 og Amund Skålholt frå 1934 til 1956 .

Ingvald Forfang var styrar på Torshus og organist i okdalskjerka frå 1909-1954. Gravene til Kraft-familien har også ei historie å fortelle. Eivind Kraft var oldebarn til Eidsvollmannen Mørch og vart etter ei tid som globetrottar distrikslege i Orkdal og bygde opp Lisbetseter til eit sanatorium.

Sjømæling viste oss også utvalde prestegraver - Andreas Bull som var kraftkaren som kom frå Tynset og bar tømmerstokkar frå elva til bygginga av den nye prestgardslånna i 1854. Og Erik Davidsson Skouge som kom frå fattig bondeætt og var sokneprest i Orkdal da nykyrkja vart bygd. Han innførte forpaktarordninga på prestgarden.

Familien Levanger har gravene sine langs nordveggen av kyrkja. Da nykyrkja vart bygd sto dei i fare



for å hamne under kyrkjegolvet. Dette ville ikkje familien, og som takk for kommunal velvilje gav Levanger-familien altertavler til kyrkjene på Orkanger og på Fannrem!

Olav Sjømæling hadde mange historier å fortelle, og har sikkert stoff til fleire historiske vandringar på kyrkjegarden. Kva med ei kyrkjegardsvandring på Orkanger?

Takk til Olav Sjømæling for interessant medvandring denne gongen!

Birger Foseide



Per Asphjell

Per Asphjell døydde for 30 år sia i juni 1984. Han var bl.a. klokkar i Orkdal kirke. Han hadde sterke opplevingar frå krigen som han skriv om i ein følgjefong i Orkdal menighetsblad 1979-81. Familien har i år fått laga eit hefte i litt meir forseggjort form, slik at dette stoffet blir tilgjengeleg for etterslekta. Orkdal kirkekontor har fått eit eksemplar av dette heftet, som elles i hovudsak er tiltenkt slektningane. Vi takker hjarteleg for dette interessante stoffet, og her vil det vere tilgjengeleg for kyrkjeleg tilsette og andre interesserte i framtida. Takk til Anngrim, Margit og Arne!


Det startar med at Per Asphjell får besøk av ein tysk soldat på rømmen i Brattlia i Solsjøbygda. Per hjelpte denne tyske soldaten. Dette førte til at Per vart arrestert og sendt i tysk fangenskap i januar 1944. Det var ei forferdeleg tid som krigsfange, men han kom heim att i 1945.

Familien skriv i hefte t»: I ettertid kan en vel si at fangeoppholdet i Tyskland på mange måter ble en velsignelse for Per Asphjell. Han så på det som en interessant opplevelse, og han brukte hyppig episoder fra denne tida i sin virksomhet som søndagsskolelærer og legpredikant».

Birger Foseide



Tidligere fylkesmann Kåre Gjønnnes sa i en appell for søndagsskolen på et møte i Trondheim:



Den dag i dag opplever vi personer med ulik bakgrunn og posisjon stå fram og fortelle om de positive minnene de har fra sin tid som søndagsskolebarn. Mange forteller at de lever i sin barnetro- meg selv en av dem- en tro som har sin basis i søndagsskolens læring- det enkle evangelium som gav trygghet, i en visshet om at livet har en mening og at vi trenger Jesus i livet.

For en tid siden sto BBC i England fram og hedret og hyllet den positive effekten søndagsskolen har hatt på det engelske samfunnet. Slik er det også i Norge. Kristent arbeid sammen med kristendomsundervisningen i skolen fram til konfirmantundervisningen la grunnlag for vår kristne tro og livssyn i tråd med Grunnlovens paragrafer.

Utfordringa i dag er at budskapet om Jesus skal finne sin plass i et sekularisert samfunn der det store budskapet ofte er at alt kan kjøpes for penger. Ei livsløgn for mange.

Kristent arbeid må regne med konkurranse i tida framover. Men ei kirke uten trosopplæring er ei kirke på vikende front. Søndagsskolen må være en del av trosopplæringa. Foreldrene må ville dette. Søndagsskolen må få en revitalisering som en ballast hos barn for å skape trygghet.

Kåre Gjønnnes

Lina Melås

har sendt oss denne barnesangen som ho har skrevet. Ho bodde jo i mange år på Fannrem, og det er mange som har hørt henne synge på møter og tilstillinger. Denne sangen skrev ho mens ho bodde i Orkdal, og det var Hallvard Morken som hjelpte henne med melodien og notene.

Barnevennen Jesus kjær

Tekst og melodi: Lina Melås

- Barnevennen Jesus kjær,
nå i dag han er oss nær,
for han elsker deg,
han elsker også meg.
- Jesus vil så gjerne inn,
i vårt hjerte og vårt sinn,
for han elsker deg,
han elsker også meg.
- All vår synd han sonet har,
den til Golgata han bar,
for han elsker deg,
han elsker også meg.
- Vil du være med å be,
slik at alle kan få se
at han elsker deg,
han elsker også meg.

Slekters gang

DØPTE

Orkdal

- 16.03 Petter Sjøhaug Fossum
Arya Hegdal Chapana
Aron Leander Solemsløkk Volldal
- 13.04 Amelie Aurora Castrillo Eriksen
Erling Bye
- 17.04 Johan Hoston,
døpt i Rennebu kirke.
- 18.05 Lukas Kvaal Bjørsvik
Sophie Aastum Dahl
Aksel Rao

Orkanger

- 06.04 Eirik Marschall Bøkseth
Marcus Hegle Årlivoll
Sophie Bye-Blomli
- 20.04 Gunhild Rømma Rogogjerd,
døpt i Åfjord kirke.

Moe

- 16.03 Helene Asbøll Aune
Mille Johanne Løkstad-Johansen
Jonas Enge
Mats Aleksander Berg-Sinnes
- 06.04 Agnes Midlyng Blæstad
- 20.04 Kristian Monseth
- 11.05 Henrik August Jonsen Kjelgård

Geitastrand

- 20.04 Endre Sundseth Hay

DØDE

Orkdal

- 14.03 Sturla Holden f. 1930
- 25.03 Ingolv Ustad f. 1940
- 07.04 Johanne Anette Gridseth f. 1926
- 08.04 Gudrun Solem f. 1963
- 10.04 Armand Kvåle f. 1941
- 18.04 Helma Petrine Holm f. 1933
- 20.04 Alida Kristine Kjørnli f. 1922
- 21.04 Klara Graven f. 1919
- 22.04 Hildur Hansen f. 1944
- 15.05 Frode Elvin Bye f. 1948
- 19.05 Gunda Solem f. 1928

Orkanger

- 07.03 Harald Nikolai Hukkelås f. 1929
Ola Hagertrø f. 1914
- 18.03 Kåre Kristiansen f. 1921
- 20.03 Mary Alette Haugen f. 1924
- 27.03 Anne Toril Ustad f. 1961

Det skjer i Menighetene

Juni


- Sø 15. kl. 17.00 Søndagssamling.
Lars Birger Aadland Orkdal menighetshus
- Sø 29. kl. 15:00 Rektorlistevne. Else Marie Ledal. Rektorlia

August

- Ma 18. kl. 10.00 Oppstart Mandagskaffen Orkdal menighetshus
- Sø 24. kl. 17:00 Seinsommerfest Svorkmo misjonshus
- Ma 25. kl. 17.30 SIMEN Orkdal menighetshus
- Ma 25. kl 19:30 Møte i Orkdal Normisjon Orkdal menighetshus

September

- Ti 2. kl. 18.00 Hyggetreff. Marta Landmark og Kjellaug Fagerholt forteller fra tur til Jordan og Israel Orkanger menighetshus
- On 3. kl. 19.00 Sensommerfest.
20 år i diakoniutvalget v/Björg Kjørmoen grendehus
- On 3. kl. 20:00 Normisjonsmøte Svorkmo misjonshus
- Sø 7. kl. 17.00 Søndagssamling. Sykehusprest Ingebrigt Røen. "Liv og tru stilt overfor sykdom og død" Orkdal menighetshus
- Ons 17. kl. 20:00 Vårliv. Jorhild og Ola Ljøkjel
- Ma 29. kl. 19:30 Møte i Orkdal Normisjon Orkanger menighetshus



St. Hansfeiring ved Søvasslia

Mandag 23. juni kl 19.00 inviterer vi til St.Hansfeiring ved Søvasslia. Andakt ved Else Marie Ledal. Salg av grøt og kaffe. Grilling og leiker for barna. Kollekt. Velkommen.

Det blir også St.Hans-feiring som vanlig i **Songosen ved Gangåsvatnet kl 19.**

Bålbrenning, leiker, andakt og mat-salg. Det er ungdomsforeninga Vårliv for Det norske misjonsselskap som arrangerer.

- 06.04 Astrid Wold f. 1931,
bisatt Skaun kirke.
- 09.04 Ingrid Larsen f. 1921
- 16.04 Borghild Inger Sletvold f. 1933
- 24.04 Kolbjørn Sundseth f. 1927
- 01.05 May Wenche Meinhardt
Grimstad f. 1952
- 03.05 Jan Arnfinn Kvarnes f. 1922

- 06.05 Reidun Moe f. 1929
- 09.05 Jorma Kalevi Aaltonen f. 1950
- 14.05 Mary Meslo f. 1949
- 20.05 Kari Prestmo f. 1937

Orkland

- 17.04 Idar Tevik f. 1926

Støtt våre annonsører!

OTI-senteret  Tlf 72 48 41 11

expert 
Orkanger – Tlf 72 48 37 50

Orkdal Skrift- og Steinhuggeri
Gravmonumenter / Inskripsjoner / oppussing
Jostein Hatvik, Dikesveien 1, 7320 Fannrem – Tlf. 72 48 50 10

Orkanger Kjemiske Renseri Orkdalsveien 26B
7300 Orkanger

Advokat FOSSVOLL
Ola Fossvoll Kari Fossvoll
ola@fossvoll.no kari@fossvoll.no
Orkdalsvn. 31 – 7300 Orkanger Tlf. 72 47 99 80
www.fossvoll.no

VINTERVOLL

...Orkdalbanken!
ORKDAL SPAREBANK

Toyota Hell Bil
Fornuft & følelser
Løypstrøngen 14 – 7300 Orkanger – Tlf. 982 94 960

 **Orkdal Begravelsesbyrå AS**
Kontor med utstilling av gravmonument i Fannrem sentrum
Tlf 72 48 56 41

Orkdal BLOMSTER AS
72 48 10 20

Orkanger Parfymeri AS
Tlf. 72 48 02 44 – Fax. 72 48 81 10 – Orkanger

WASHINGTON MILLS AS
7300 Orkanger

Kløpper'n
DAME- OG HERREFRISØR
Ellin, Eva og Kristine
☎ 72 48 08 90
Orkdalsvn. 65 • Orkanger

Solrums Heimplaga
952 26 685 – Orkanger

 **Orkdal Bil AS** 
www.orkdalbil.no

MØBELRINGEN
Skaper trivsel!

 **ORKDAL energi**
www.orkdalenergi.no

 **Begravelsesbyrå Høvik**
TLF 72 48 50 60 – 7320 FANNREM

 **BYGDESERVICE**
Ta kontakt på Tlf. 905 10 945 eller epost
post@orkla-bygdeservice.no
Besøk oss i Megardsvegen 1 7320 Fannrem
Vi utfører stell og beplantning av gravsted

Vi gjør det meste for de fleste!
Orkdalsveien 67, 7300 Orkanger, tlf 72 48 22 50
Størseth Ur-Øptikk

Gjølme Sementvarefabrikk AS
Tlf. 72 48 03 93

 **Orkel**

Orkdal Varme & Sanitær A.S.
Fannrem – Tlf. 72 48 53 93

 **KirkegårdsService**
Midt-Norge
KirkegårdsService Midt-Norge
Kirkegt. 56 / 7600 Levanger
Tlf 74 60 17 20 / e-post: post@kirkegaardsservice.no
Nettside: www.kirkegaardsservice.no

 **Orkla Grafiske**
72 48 23 20 - firmapost@orklagrafiske.no

Støtt våre annonsører!

CHRONO Orkanger 
Orkanger Ur og Gull AS – OTI-Senteret – Tlf 72 48 78 90

MENIGHETSDATA

SERVICETELEFON:
Tlf. 92 84 44 81

ORKDAL KIRKEKONTOR

Blomstervegen 12, 7320 Fannrem

Åpningstider

Mandag – fredag kl 9 – 14

Tirsdag kl 10 – 14

Prestene: tirsdag og torsdag
kl 10 - 12

E-post

post@orkdal.kirken.no

Internett/hjemmeside

www.orkdalsmenighetene.no

Telefoner

Kontoret..... 72 47 97 50
Telefax..... 72 47 97 58

Ansatte

Kirkeverge Margit Sødal 72 47 97 55
Prost B. Foseide 72 48 51 42
995 18 155

Sokneprest P. O. Lilleberg 928 59 980

Sokneprest Å. Rugland 986 25 418

Sokneprest E-M H Bakken 930 33 641

Kateket Olav Pederstad .. 72479750

Diakon G. R. Bjørkås 456 65 376

Organistene Wrobel..... 72 48 55 84

Sekretær Gunvor N. Kjerstad

Menighetspedagog

Line Krutvik Saltbogen

Klokker/diakonimedarb.

Hildegunn Rydland Eikli

Sekretær Geir Olav Valstad

Klokker Terje Håvardstad Jonassen

Renholder Justyna Michalak

Kirketjener Tor Brage Fagerli

Kirketjener Daniel Hellstrøm

MENIGHETS RÅDENE

Orkdal menighetsråd

Leder: Tore Martinsen

Orkanger menighetsråd

Leder: John Egil Bergem

Orkland menighetsråd

Leder: Jan Arild Dahl

Geitastrand menighetsråd

Leder: Pål Ove Lilleberg

Orkdal kirkelige fellesråd:

Leder: Ivar Nerhoel

ORKDAL MENIGHETSBLAD

Utgis av Fellesrådet i Orkdal.

Adresse vedr. redaksjon,
ekspedisjon og økonomi:

Orkdal menighetsblad

Orkdal kirkekontor, 7320 Fannrem

Konto: 6401 06 95056

Mrk. «Gave menighetsbladet»

INFORMASJON

RETURADRESSE:
Orkdal Kirkekontor, 7320 Fannrem

Min salme



Eldgammel tekst i ny salmebok

Det var egentlig unødvendig å spørre Randi Ebbesen om hvilken salme hun ville velge seg. Hun hadde omtalt den i så klare ordelag i Orkanger menighetsråd at det var lett å gjette på nr 395 i den nye salmeboken: "Som toner i en evig sang."



- Men hvorfor akkurat den, Randi?

- I menighetsbladet ble det omtalt en ny salme med tekst fra Qumran. Det vekket min interesse, Jeg har vært i grottene i Qumran der Dødehavsrollene ble funnet og i slottet der essenermunkene først skrev tekstene. Det er fantastisk at man kunne finne slike tekster fra før Kristi fødsel som var lesbare! Jeg fikk lyst til å høre teksten og var nysgjerrig på melodien.

Så fikk jeg lov til å velge en salme på en salmekveld i Orkdal kirke, og da benyttet jeg sjansen. Da fant jeg ut at både tekst og melodi var så nydelige. Det var skikkelig poesi og flott musikk! Teksten er av Svein Aasmundtveit etter en Qumran-tekst som Torleif Elgvin har oversatt, og melodien er en irsk folketone.

Vi har ikke mulighet for å legge inn noen lydfil i menighetsbladet, men teksten er slik:

*Som toner i en evig sang er dine ord og bud.
Du viser meg den gode vei: å kjenne deg, min Gud.
Du er mitt liv, mitt kildevell, som gleden strømmer fra.
Mine lepper spiller fløyte, Gud, etter dine notebled.*

*Jeg våkner ved din lov, ditt ord, når dagen gryr i øst.
Og når det går mot nattetid er du min sol, min trøst.
Du er min sang, mitt kildevell, som toner strømmer fra.
Mine lepper spiller fløyte, Gud, etter dine notebled.*

*Mitt svik, min synd, den kjenner jeg, mitt dyp, min mørke bunn.
Men du, min Gud, min rettferd er, du er min faste grunn.
Du er min fred, mitt kildevell som livet strømmer fra.
Mine lepper spiller fløyte, Gud, etter dine notebled.*

Tusen takk til Randi Ebbesen!

John Egil Bergem